

## **Referat frå foreldremøte 01.09.16**

### **Fråvær**

Dersom eleven er sjuk eller skal ha planlagt fråvær ynskjer fastlærarane beskjed på sms eller epost. Lærarane kan gje fri inntil ein skuledag, elles må ein søkja på Bø skule si heimeside. Behandlingstida er ca. to veker, så ikkje søk om fri rett før avreise.

### **Nasjonale prøver**

Informasjon om nasjonale prøver liggjer ute på [www.udir.no](http://www.udir.no). Der finn de informasjon om føremålet med prøvane, lenker til andre prøver og anna informasjon ein skulle ynskje. For 5.trinn er nasjonale prøver i veke 42-44 (17.oktober – 4.november). Alle prøvane vert gjennomførte på skulen, er digitale og med bruk av pc. Me førebur oss på skulen og ynskjer at foreldra gjer det same heime med eleven.

### **Praksisskule**

Bø skule er praksisskule, og June er ein av praksislærarane. Me får lærarstudentar fra UiS etter haustferien og dei skal være med oss på 5.trinn i tre veker.

### **Gløymekryss**

Det er i periodar litt mykje gløyming hjå elevane. Me har derfor bestemt at me har ei ordning der me noterer gløyming. Dersom eleven har tre kryss, altså har gløymt tre ting i løpet av ei veke vert heimen kontakta. Viktig at de får inn gode rutinar for lekser, pakking av gymklede, ranselpakking m.m.

### **Lekser**

Det vert etter kvart litt meir lekser. Viktig at ein har gode rutinar for lekser heime og at skulen passer på å gå gjennom leksene på skulen og sjå til at bøker og ark vert sendt heim til rett tid. Me vert ikkje betre dersom me ikkje øver ☺ Nokre ting må puggast og repeterast ofte. Bruk tid saman med eleven, sjekk gjerne leksene.

### **Nettvett!**

Snakk med borna om korleis me oppfører oss på internett. Bruk gjerne [www.nettvett.no](http://www.nettvett.no) sida til Redd Barna som utgangspunkt for samtale om emnet. Det har dessverre vore litt tull blant nokre av gutane når det gjeld speling. Avklar gjerne tidspunkt med andre heimer der elevane kan spele. Hugs at borna ofte skal vere opplagde på skulen dagen etterpå.

### **Anna**

Foreldra vart einege om at ein skal fortsetje med å invitere slik ein gjer no når det gjeld selskap. Viktig å inkludere alle. Me er eit lite trinn og det er lett at nokre born vert ekskludert dersom elevane sjølv får velje kven dei skal invitere.